

Høyringsinvitasjon og mal for høyrings svar

Sak	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
Dato utsendt på høyring	01.12.16
Høyringsfrist	08.12.16
Send høyringsinnspel til	post@hisf.no ; postmottak@hsh.no ; post@hib.no
Bakgrunn for saka	<p>Prosjektet har hatt i oppgåve å kome med forslag til kjerneverdier, faglege visjonar og strategi for den nye høgskulen, samt forslag til prinsopp for strategisk utvikling og samkøring av utdanningsløp. Vi ønskjer særleg tilbakemelding på forslaga til profilområde for HVL, inklusive område der vi vere nasjonalt leiande og/eller ha mulegheit for å lykkast internasjonalt.</p> <p>Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (innspel frå underliggjande einingar/miljø kan følgje som vedlegg).</p>
Vi ønskjer spesielt innspel på (frå rapporten):	
Kap 3	<ul style="list-style-type: none"> - Prosjektgruppa ber om innspel til gruppering, omgrepsbruk og innhald. - Det er no lagt inn ei kort omtale av dei ulike områda der prosjektgruppa har identifisert at HVL kan vere nasjonalt leiande og/eller ha særleg mulegheit for å lykkast internasjonalt. Dei ulike fagmiljøa blir no bedne om å kvalitetssikre omtalen og skrive eit (kort) avsnitt der dei skildrar på kva måte desse områda hevder seg (basert på til dømes breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet). - På same måte ber prosjektgruppa om at ein skriv ei grunngiving (basert på til dømes breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet), dersom ein vil spele inn andre (og nye) område gjennom høyringa.
Kap 4	<ul style="list-style-type: none"> - Prosjektgruppa ber om synspunkt på og innspel til gruppering, omgrepsbruk og innhald når det gjeld tverrfaglege satsingsområde
Kap 5	<ul style="list-style-type: none"> - Korleis kan vi setje saman arbeidsgruppa som skal sjå på «strategisk fagleg utvikling og samkøring av utdanningane ved HVL»? - Korleis skal ein sikre tilstrekkelege system og styringsgrunnlag, utan at det går på kostnad av faga si eigenart?
Kap 6	<ul style="list-style-type: none"> - Gir måla og operasjonaliseringa grunnlag for styring og strategiutvikling? - Reflekterer måla og operasjonaliseringa HVL sin profil?
Ansvarleg	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
Utsendar	Prosjektsekretariatet

Mal for høyringsinnspel

Sak	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
Høyringsinstans (svarar)	ALI Institutt for barnehagelærerutdanning
Prosess	Høyringsnotat sendt ut til alle faglærarar, instituttleiari samlar alle innspel til eit felles notat.
Innspel	
Kap 3	Vi omtalar spesielt profilområde 2, Danning, kultur og didaktikk, sidan det er her vi finn barnehagelærerutdanninga nemnt i teksten. Lærerutdanningane kjem ikkje slik vi ser det tydeleg fram i profilområde, «læring» burde her vore brukt som namn i profilnamnet. Lærerutdanningane er store ved alle dei tre høgskulane og bør profilerast under «læring» heller enn «danning» som blir eit meir uklårt og breitt omgrep. Når det gjeld bruk av omgrep tykkjer vi at HVL bør vere tradisjonelle slik at det kjem tydeleg fram til alle kva HVL sin strategi og profil er. Når det gjeld innhald er det vanskeleg å finne ein profil sidan det ser ut som at det meste av det dei tre høgskulane står for i dag er teke med og nemnt. Vi tykkjer barnehagefeltet kjem lite tydeleg fram i oversikta og i overskrifter generelt. Når det gjeld tabellen/oversikta reagerer vi på at nokre punkt er vide, medan andre er svært spesifikke/detaljerte. Det er positivt med høg vekting av kunst- og kulturfag, men nemninga kunst- og kultur bør delast opp og nemnast som kunst, kultur....slik at kultur ikkje berre vert assosiert med kunst. Vi reagerer også på at performativ kunst (musikk og drama) blir nemnt spesielt i 3.2, i staden for at det står «kunst» slik at det visuelle kunstområdet også vart eit satsingsområde.
Kap 4	Når det gjeld tverrfaglege grupperingar saknar instituttet meir omtale av tverrfaglege satsingsområde knytt til lærerutdanningane. Helse har fått stor plass i heile dokumentet, og etter vårt syn kjem lærerutdanningane for lite fram. Instituttet saknar omtale av potensialet for nasjonal forskning (med internasjonal interesse) som BLU har god tilgang til i sitt nære samarbeid med praksisfeltet. Dette vil gje gode mulegheiter for longitudinell forskning sidan nesten alle norske barn går i barnehage. Det kjem ikkje klart fram i dette dokumentet at HVL vil vere leiande nasjonalt på barnehage!
Kap 5	Det blir viktig at ei arbeidsgruppe vert sett saman tverrfagleg, og at alle campus og fakultet er representert. Dei som skal utvikle system og styringsgrunnlag må ha tilstrekkeleg med fagleg kunnskap på tvers av avdelingar/fakultet og campus. Ein må ha kjennskap til både fagleg eigenart, men også regionale behov og ulikskapar.
Kap 6	Måla og operasjonaliseringa gir eit godt grunnlag for styring og strategiutvikling og reflekterer HVL sin profil. Måla er balanserte med både undervisning, forskning og kunnskapsutvikling i regionar. Vi syns det er bra at HVL har mål om gode system for UH-pedagogisk kompetanseutvikling, og å stimulere til forskingskvalifisering i fagmiljøa i tillegg til å leggje til rette for fleire PhD stipend. HVL blir ein profesjonshøgskule som må ha mål om også å ha høg brei kompetanse som førstelektorar og dosentar.

Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

Andre merknader	